



Pilotprosjektene er en del av Riksantikvarens satsing i årene 2002-04 for å få eksempler på godt kulturminnearbeid i kommunene. Målene med prosjektene har vært:

- ♦ å utvikle et godt samarbeid mellom ulike aktører lokalt for å få mer kunnskap om kulturminner og kulturmiljø, og forvaltning av disse og
- ♦ å bruke samarbeidsmodellene til å bygge opp kunn-skapsmiljø som er mest mulig robuste på lang sikt.

KONTAKTPERSONER HOS

RIKSANTIKVAREN:

Sissel Carlstrøm og

Kari Vartdal Opsvik

Tlf.: 22 94 04 00

www.riksantikvaren.no

Kulturarven i lokalmiljøet

MEDVIRKNING

SAMARBEID

PLANLEGGING

VERDISKAPING

OPPDATERING AV KULTURMINNEPLANEN: Klepp – verdt å verne

Den første kulturminneplanen i Klepp kommune var eit oversyn over SEFRAK-registrerte¹ hus. Planen vart vedteken i 1997 og i 2003 vart arbeidet med ein revisjon starta. Målet med revisjonen var å syne kva for ulike kulturminne som finst i Klepp og kva samfunnsmessig verde dei kan ha. Den reviderte planen skal medverke til at kulturminna vert brukte som ein positiv ressurs i lokalsamfunnet. Ein fornuftig bruk og gode opplevingar av kulturarven vil styrke medvitet om kva kulturminna har å seie for livskvaliteten og trivselen til dei som bur i kommunen.

Pilotprosjektet som Klepp gjennomførte gjekk ut på å involvere innbyggjarane i arbeidet med rulleringa av planen. Det vart arrangert folkemøte der friviljuge lag i tillegg til einskildpersonar møtte. Møta har resultert i eit godt kontaktnett med lag og personar utanfor kommuneadministrasjonen, og då særleg med Klepp Historielag.


Rulleringa av kulturminneplanen skulle óg gjøre arbeidet med kulturminne betre akseptert og synleg i kommunens daglege arbeid. Til dømes viste det ved oppstarten av arbeidet i 2003 at heile 18 % av dei registrerte husa i SEFRAK-klassen B² var rivne etter 1997. Dette vart kommentert av Rogaland fylkeskommune som i si høyningsfråsegn til planen sa at dette er eit bekymringsfullt stort tal, og dei sakna ei omtale av korleis kommunen vil syte for at det framtidige tapet vert redusert. I eit registreringsprosjekt som vart gjennomført av fylkeskommunen, fann dei at av fornminne i Klepp som ligg i område regulert til spesialområde bevaring, er over 40 % skada eller delvis fjerna.



Foto: Klepp kommune

¹) SEFRAK = Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg

²) SEFRAK-klassen B = Objekt som er plassert i denne gruppa er bevaringsverdige



Fylkeskommunen sa at kulturminneplanen treng ei betre forankring i kommuneplanens arealdel, langsiktig del og handlingsprogram og tilrår at kulturminne vert innarbeidd i kommuneplanen. Forslaget til kulturminneplan er utarbeidd og handsama som ein kommunedelplan, og byggjer vidare på kartfestinga som blei gjort i kommuneplanen 1998-2009. Her er automatisk freda arkeologiske kulturminne og nyare tids kulturminne registrerte saman med biologisk mangfald, naturressursar og friluftsliv. Kulturminneplanen inneheld ein handlingsplan som gjeld fram til 2009, med konkrete tiltak i høve til tilrettelegging og vern av kulturminne.

Målgrupper for planen er grunneigarar, innbyggjarar, lokalpolitikarar og administrasjonen i kommunen. Arbeidet var organisert under strategistaben som har ansvar for planarbeid, miljø, næring, miljøretta helsevern og kulturminne. Strategistaben som også er referansegruppe, har brei kompetanse på desse fagområda. Målet er å få planen inn som ein integrert del av overordna planarbeid i kommunen, å knytte tiltak opp mot andre aktuelle prosjekt, samt å arbeide for tilrettelegging og formidling av dei viktigaste kulturminna. I forslag til ny kommuneplan er «Klepp - verd å ta vare på» hovudtema for samfunnsdelen. Her har kulturminna fått eit relativt stort fokus i kapitla om omgjevnader og fysisk tilrettelegging. Vidare vil kommunen mellom anna i samarbeid med lag og foreiningar, satse på god formidling av kva verdiar desse kulturminna har. Som dei skriv i planutkastet: «Utfordringa ligg i å styrke bevisstheten om kulturminna si betydning for livskvalitet og trivsel, både i eit lokalt og eit globalt perspektiv.»

KONTAKTPERSON I KLEPP KOMMUNE:

Hege Skotheim hege.skotheim@klepp.kommune.no

Lenker www.klepp.kommune.no